



Akvator AS
Postboks 743
5404 STORD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3103 - 16/897

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
12.01.2016

Ferdigattest settefiskanlegg - gbnr 229/6 Skår

Administrativt vedtak. Saknr: 023/16

Tiltakshavar: Lerøy Vest AS, 5020 Bergen

Ansvarleg søkjar: Akvator AS, 5404 Stord

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 16.10.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 06.01.2016.

Skildring

| | |
|-----------------|-------------------------------------|
| Adresse: | Bjørsvikveien 137 |
| Bygningstiltak: | Driftsbygning fiske/fangst/oppdrett |
| Bygningsnummer: | 300519272 |
| Bruksareal: | 1710 m ² |

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for produksjonshall på gnr. 229, bnr. 6. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen



er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3103

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lerøy Vest AS

Postboks 7600

5020

BERGEN

Mottakarar:

Akvator AS

Postboks 743

5404

STORD